

Referat frå årsmøte i Sunnfjord Kajakklubb

Årsmøtet i Sunnfjord Kajakklubb var den 27. februar 2015 kl. 19.00 på Førde Camping. Det møtte 20 personar på årsmøtet.

Sak 1. Val av møteleiar. Randi Erdal vart vald til møteleiar, og Brit Siv Fimland til referent. Til underskrift av årsmøteprotokoll vart Leif Laache og Tore Gjelsvik valde.

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste. Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknader.

Sak 3. Årsmelding. Årsmeldinga for år 2014 vart gjennomgått av Øyvind Korsøen. Årsmeldinga vart godkjent utan merknader. Det vart gitt gode tilbakemeldingar på arbeidet med juniorgruppa.

Sak 4. Rekneskap. Rekneskapen for år 2014 vart gjennomgått av kasserar Rune Berge. Det har vore leigd inn rekneskapsførar i år 2014. Rekneskapen vart godkjent utan merknader.

Sak 5. Inkomne saker. Ingen saker for behandling.

Sak 6. Budsjett 2015. Det er ikkje utarbeida budsjett for år 2015 grunna stor usikkerhet i forhold til kostnad og finansiering av påbygg til naustet. Det vart gjort fylgjande framlegg som vart godkjent av årsmøtet: «Årsmøtet godkjenner at styret set opp ein økonomiplan når realitetane rundt finansieringa av naustutbygginga er klar. Når dette er klart vil styret informere medlemmane ved å legge ut informasjonen på heimesida.»

Sak 7. Fastsette medlemskontingent. Vi beheld same kontingent som før, kr. 250 for vaksne og 200 for junior.

Sak 8. Orienteringssaker.

Utbygging av naust. Rune Berge informerte om status på utbygginga. Søknad om tippemidlar er godkjent. Vi får truleg ikkje utbetalt tippemidlane dette året. Men det ligg an til at vi får kr. 400.000 dei neste åra. Har difor søkt om lån på kr. 1,1 mill. i Sparebanken Sogn og Fjordane. Rune skal ha møte med banken, etter at han har fått tilbakemelding frå fylkeskommunen. Naustet står på kommunal grunn, som båtklubben har leigeavtale på. Båtklubben er positive til at vi får bygge ut. Vi får avtale om leige av grunnen i 30 år. Det er ikkje planlagt dugnad i forbindelse med byggearbeidet på naustet, men vil bli aktuelt med dugnad ved beising og legging av takstein. Det kom forslag om å bygge naustet tett for å redusere støvplager inne.

Øyvind informerte om at stranda er fylt att, og at det er bygd kai der slik at stranda no er vekke.

Sak 9. Val av styre. Styret for 2015 vart samrøystes valde, og består av:

Øyvind J. Korsøen (leiar)

Rune Berge (kasserar)

Ingvald Kvåle (vara)

Jomar Bergheim (vara)

Val av valkomite: Petter Erik Leirhaug og Per Tore Meier vart samrøystes valde.

Val av revisorar: Ole John Østenstad og Einar Paulsen vart samrøystes valde.

Resten av styret fortsetter, og består av desse:

Randi Erdal (nestleiar)

Ina Bruland

Brit Siv Fimland


Guttorm Kleppe

Jan Midtbø

Førde, 31.08.2015



Brit Siv Fimland



Leif Laache



Tore Gjelsvik